

Bjørn Sylta
Postboks 15
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7845 - 21/49293

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
08.07.2021

Svar på e-post av 07.07.2021 - gbnr. 424/166 Bø

Viser til vårt brev av 03.04.2020 der vi opplyser om at vi har mottoke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 30.03.2021 vart registrert avvik i septiktanken dykkar. Frist for retting vart satt til **31.05.2020**. Viser og til vårt brev av 01.09.2020 med førehandsvarsel om pålegg om tilkopling til kommunalt avløpsanlegg og med frist for gjennomføring av arbeidet satt til **01.03.2021**. Viser og til avtaler om fristutsetjingar, den siste til **31.07.2021**.

Alver kommune mottok ein e-post frå Linda Solheim den 14.09.2020 med informasjon om at de no var i kontakt med røyrleggjarverksemda Kvalheim VVS AS, som ville starte med prosessen med å sende inn søknad om tilknytning til kommunalt avløpsanlegg.

Den 07.07.2021 mottok Alver kommune ein e-post frå Linda Solheim med eit prisoverslag frå Jørund Haugland Entreprenør AS, datert same dagen. E-posten gav ei oversikt over kostnaden for delar av arbeidet med tilknytning til kommunal avløpsleidning (grøftearbeidet). Prisoverslaget frå entreprenøren er på NOK 242 000 eks. mva.

Alver kommune har vurdert tilbodet frå entreprenøren og er komme til at det kan godkjennast som ein «uforholdsmessig stor kostnad», jf, plan- og bygningslova § 27-2, 2. ledd.

Vi frafaller med dette oppmodinga om tilkopling til offentleg avløpsanlegg på det noverande tidspunkt.

Det er opplyst at den eksisterande tanken er på 4 m³. Utskifting av gamal septiktank med ny tank av same storleik er ikkje søknadspliktig, sjå e-post frå Hogne Askeland den 29.06.2021.

Når ny slamavskiljar er satt ned må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Frist for tilbakemelding med bilete dokumentasjon vert sett til **30.09.2021**.

Norva24 AS er den 07.07.2021 informert om at det vil bli satt ned ny slamavskiljar, storleik 4 m3, og har opna opp igjen tømmeavtalen. Neste tømning er planlagt for dykkar tank i perioden februar – mai 2022.

Vi håper dette kan vere til hjelp i det vidare arbeidet med ny slamavskiljar.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Bjørn Sylta

Linda Mariann Solheim

Postboks 15

Postboks 15

5937

5937

BØVÅGEN

BØVÅGEN